



Den nye båten har tre gonger så stor lastekapasitet som den gamle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fiske er eit utdøyande yrke i fastlandsdelen av Kvinnherad og Jostein Legland (37) er no den einaste fiskebåtreiaren i Uskedalen.

Til gjengjeld er han ikkje redd for å satsa og no har han satsa friskt saman med Erling Warberg (42) frå Sunde. Dei to utgjer reiarlaget Bergland ANS på tredje året.

Måndag kveld kom dei til Ljosnes-kaia med nyinnkjøpt kystnotbåt, ein millionsatsing som dei knyttar store forventningar til.



Bergland ANS består av Jostein Legland (til venstre) og Erling Warberg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jostein er sterkt arveleg belasta, for faren Arne (77) har mellom anna vore fiskar gjennom heile livet. Sonen var berre såvidt over åtte år då han var med på sommarfisket i Hardangerfjorden. Det har han ikkje noko minne om, men han hugsar visse episodar frå fisketurar som tiåring.

Inntil for ein måned eidan eigde Bergland ANS den 50 fot store kystnotbåten Vestervik som var heilt oppgradert sjølv om han vart fødd i 1987. Då selde Jostein og Erling han til Skjervøy i Troms. Det gjorde dei slett ikkje fordi dei var misnøgde med båten, men fordi kapasiteten var for liten. Dei ønsker større kapasitet sjølve.

Difor hadde dei vore på utkikk etter ein ny og større båt ei god stund då det vart napp.

- I ein slik situasjon held ein seg ajour med marknaden heile tida og ser kva som ligg inne hjå meklarane, seier Jostein og Erling. Dei tente då dei registrerte at Haugværing var til sals, for den båten kjende dei frå før. Han er opprinneleg frå Sotra og heitte då Sotrabas, men var no registrert i Vestvågøy sjølv om reiarane var å finna i Bodø. Båten var ny i 1990, men vart ombygd i både 1997 og 2001. Og maskinen var ny så seint som i 2006.

- Han har vorte oppgradert heile tida, også med leiteutstyr, fortel Kvinnherad-reiarane, som er svært tilfredse med kjøpet. Dette var det rette tidspunktet, for no er det kjøparens marked.

Men hovudpoenget med skiftet til ny båt handlar altså om lastekapasitet: Vestervik var altså 50 fot medan den nye som også skal heite Vestervik er 70 fot. Men lastekapasiteten er faktisk tre gonger så stor i den nykjøpte som i den gamle båten - den er 148 kubikkmeter .

Duoen frå Kvinnherad skal ikkje leggja om fisket sitt etter skiftet av båt. Dei vil framleis satsa på kystfiske på heile strekninga frå Mørkekysten til svenskegrensa og kjem med denne rangeringa når uskedalen.no spør kva slags fisk dei får mest av: Sild, brisling, makrell, hestemakrell, sei. Ikkje minst silda har hatt ei lovande utvikling i det siste.

Stort sett er reiarane frå Uskedalen og Sunde borte på jobb i tre veker før dei kjem heim.

Når dei tek i bruk den nye båten, vil dei ha auka mannskapet frå tre til fire mann.

- Men kvifor ikkje heller satsa på trålfiske på det store havet? Er det ikkje meir å henta der?

- Det kostar langt meir enn det smakar, er det kjappe svaret.

Av Ola Matti Mathisen